

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Giske kontrollutval  
**Møtestad:** Giske rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 13.02.2025  
**Tidspunkt:** kl. 13:30 - 15:30

---

### Følgjande medlemmer møtte

Gunnar Morsund  
Lillian Skarmyr Olsen  
Stig Gjethammer

### Forfall

Anne Lise Roald, møtte ikkje  
Kåre Harald Sæter

### Møtande varamedlem

Otto Stornes

### Andre som møtte

Ingrid Walstad Larsen  
Kathrin Haram  
Kenneth Langvatn  
Karl Andre Birkhol  
Gretha Giske  
Solveig Kvamme

### Stilling

Fagansvarleg forvaltningsrevisor  
Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor  
Ordførar  
Kommunedirektør  
Einingsleiar  
Seniorrådgivar SKS IKS

### Møtenotat

Leiar hadde meldt forfall til møtet og nestleiar møtte ikkje. Derfor valde kontrollutvalet Gunnar Morsund som møteleiar.

Kontrollutvalet stilte spørsmål om kvifor Møre og Romsdal Revisjon SA ikkje leverer rapportar og dokument på nynorsk. Sekretariatet vil bringe spørsmålet vidare til dagleg leiar for Møre og Romsdal Revisjon SA.

Gunnar Morsund  
Møteleiar

Solveig Kvamme  
Seniorrådgivar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 05/25 Undervegsrapport frå undersøking innan byggesaksforvaltning
- PS 06/25 Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 -  
personalressursforvaltning innan helse og omsorg
- PS 02/25 Orienteringar:
- OS 01/25 Orientering om barnevernstenesta
- PS 03/25 Revisor sin rapport frå interimkontroll 2024
- PS 04/25 Revisor si risikovurdering før forenkla etterlevingskontroll 2024
- PS 07/25 Meldingar og skriv:
- MS 01/25 Førespurnad rundt investering og oppstart Vigra barneskule
- MS 02/25 Førespurnad om basen Valderøy skule
- MS 03/25 Melding om vedteken Plan for eigarskapskontroll 2024-2027
- MS 04/25 Om valbarheitsreglar for kontrollutval
- MS 05/25 Protokoll frå Attvin AS

## **PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

### **GKU 01/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste med foreslått endring i rekkefølge. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

#### **Behandling i møtet**

Møteleiar foreslo endring av rekkefølge på behandling av sakene, sak 05/25 og sak 06/25 slik at dei vert behandla først i møtet.

Votering: Samrøystes

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 02/25 Orienteringar:**

## **OS 01/25 Orientering om barnevernstenesta**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

### **GKU 01/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa om barnevernstenesta i Giske kommune til vitande.

#### **Behandling i møtet**

Einingsleiar Gretha Giske gav kontrollutvalet ei god orientering om barnevernstenesta i Giske kommune, og svarte på dei spørsmål som utvalet hadde.

Votering: Samrøystes

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek orienteringa om barnevernstenesta i Giske kommune til vitande.

## **PS 03/25 Revisor sin rapport frå interimkontroll 2024**

Giske kontrollutval 13.02.2025

### **GKU 03/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten frå revisor til vitande.

#### **Behandling i møtet**

Revisor Kathrin Haram presenterte sin rapport frå interimrevisjonen til kontrollutvalet. Revisor melder at der ikkje har kome fram noko under denne førebuande revisjonen, som tilseier at revisor ynskjer å endre revisjonsplanen for årsrekneskapen 2024.

Votering: Samrøystes

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek rapporten frå revisor til vitande.

## **PS 04/25 Revisor si risikovurdering før forenkla etterlevingskontroll 2024**

Giske kontrollutval 13.02.2025

### **GKU 04/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitande informasjon om revisor si vurdering av risikoområder for forenkla etterlevingskontroll 2024 og støttar revisor sitt val av området "Vidare utlån – Startlån".

#### **Behandling i møtet**

Revisor Kathrin Haram orienterte kontrollutvalet om dei vurderingar av risiko og vesentlegheit som revisor har gjort, og som har ført fram til val av område for forenkla etterlevingskontroll i 2025.

Votering: Samrøystes

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek til vitande informasjon om revisor si vurdering av risikoområder for forenkla etterlevingskontroll 2024 og støttar revisor sitt val av området "Vidare utlån – Startlån".

## **PS 05/25 Undervegsrapport frå undersøking innan byggesaksforvaltning**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

### **GKU 05/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå forvaltningsrevisor til vitande.

#### **Behandling i møtet**

Forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen gav kontrollutvalet ei orientering om status for undersøkinga innan byggesaksforvaltning.

Den endelege rapporten skal vere klar til behandling i neste kontrollutvalsmøte, slik at kontrollutvalet då kan gje sine tilrådingar til kommunestyret.

Votering: Samrøystes

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå forvaltningsrevisor til vitande.

## **PS 06/25 Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning innan helse og omsorg**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

### **GKU 06/25 Vedtak:**

Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon på personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

#### **Behandling i møtet**

Forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen innleia kort om korleis revisor arbeider med ein forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet drøfta og kom med sine innspel rundt personalressursforvaltning innan helse

og omsorg.

Revisor vil på neste møte legge fram eit forslag til prosjektplan i tråd med bestillinga.

Votering: Samrøystes

**Sekretariatet si innstilling:**

Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon på personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

## **PS 07/25 Meldingar og skriv:**

### **MS 01/25 Førespurnad rundt investering og oppstart Vigra barneskule**

Giske kontrollutval 13.02.2025

#### **GKU 01/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

### **MS 02/25 Førespurnad om basen Valderøy skule**

Giske kontrollutval 13.02.2025

#### **GKU 02/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**MS 03/25 Melding om vedteken Plan for eigarskapskontroll 2024-2027**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

**GKU 03/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**MS 04/25 Om valbarheitsreglar for kontrollutval**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

**GKU 04/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**MS 05/25 Protokoll frå Attvin AS**

**Giske kontrollutval 13.02.2025**

**GKU 05/25 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.